

Fra: Tone Mjelde <tone_mjelde_90@yahoo.no>
Sendt: mandag 29. mai 2023 21:34
Til: Post Osterøy
Emne: Bekymring for fødselsomsorga

Hei.

Eg ber om at denne meldinga blir sendt vidare til aktuell teneste og leiar.

Eg sender bekymring på vegne av gravide i Osterøy kommune. Jordmor er for tida sjukemeld og kommunen er utan tilsett Kommunepsykolog. Kommunen har i denne perioden bedt gravide få oppfølging av lege vidare. Eg er spesielt bekymra for førstegangsfødende, samt gravide som nærmar seg fødsel og ikkje får gjennomført fødselsforberedande samtale og ammerettleing av jordmor. Lege kan ta seg av kontroll av vekst, blodtrykk og andre verdier, men jordmor har i større grad kompetanse og fokus på det emosjonene, forberedende og mentale kring det ei mor skal gjennom. Det er også ei risiko for at overgang frå jordmor til lege kan føre til manglande fysisk oppfølging i ein periode eller at informasjon «går tapt» i overgangen. Relasjonelle forhold verkar også inn.

Osterøy kommune har frå før av ikkje noko fødselsforberedande kurs / gruppetilbod ein kan delta på. For komande mødre og fedre, som også har psykiske vanskar eller kan grue seg ekstra til fødsel eller anna, er det svært uheldig at ein heller ikkje har hatt kommunepsykolog tilgjengeleg det siste halve året.

Ei av ti mødre får fødselsdepresjon. Manglande informasjon/ støtte, lite mobilisering av nettverk, mangel på førebygging av psykiske vanskar eller tidligare depresjoner kan vere risikofaktorar for å få fødselsdepresjon. Yngre mødre er spesielt utsatt. Fødselsdepresjonar får store konsekvensar for barn, mødre, familier og samfunnet. Det kan føre til skadar i barnet si utvikling, langvarig psykiske vanskar hjå mor, utfordrande familiesituasjon, problemer i parforhold, manglande tilknytning mellom mor og barn. Desse vanskane kan det ta lang tid å kome over og familiane kan ha behov for omfattande hjelp over lang tid dersom vanskane får satt seg. Først og fremst er det tragisk for familiane å oppleve, men det er også ganske tragisk samfunnsøkonomisk.

Kommunane i Norge har i dag ei lovpålagt plikt til å forebygge og arbeide med tidleg innsats. Kvinner har rett på oppfølging av jordmor i svangerskapet og tilgjengeleg / lavterskel psykisk helsehjelp ved behov.

Slik situasjonen er per dags dato er tilbodet og hjelpa kommunen kan tilby svært redusert og brot på lova slik eg vurderer det. Sjølv om dette (forhåpentligvis) handlar om ei begrensa periode, kan det få store konsekvensar for dei familiane som blir råka av situasjonen. Nokre månader er nokre månader for mykje når det gjeld dei viktigaste og mest sårbare månadene i livet til både barn og foreldre.

Eg vil understreke at dei tilsette, som jordmor og leger, er gode i jobben sin og at dette ikkje er retta mot enkeltpersonar, men mot ein situasjon og struktur som ikkje er god nok. Det viser også noko om kor sårbart tenestetilbodet er i kommunen.

Eg ber om at kommunen vurderer å sette inn strakstiltak, som blant anna å kjøpe tenester frå nærliggende kommuner, slik at gravide kan få den oppfølginga dei treng og har krav på.

Beste helsing
Tone Mjelde

[Sent from Yahoo Mail for iPhone](#)